

Takkar av som leiar i Venstre

17.01.2008



Kjell Yri –takkar av som Venstreleiar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Kjell Yri kjem til å seia frå til valkomiteen at han ikkje lenger er aktuell som leiar av Venstre i Kvinnherad, opplyser han til uskedalen.no. Han har vore leiar i to år.

- Kvifor vil du ikkje meir?
- Eg har vore i styret i rundt 15 år. No har vi fått med mange nye folk som står klare til å gjera ein innsats. Difor er det naturleg at eg takkar av, seier Yri.

Årsmøtet vert halde onsdag i neste veke og etterpå blir det ope møte på Munk. Tema vil vera næringsutvikling og skulestruktur.

Annemor Ekeland vil orientera om cruisekaiprojektet på halsnøy og Gunnar Røssland vil ha eit innlegg om næringsutvikling, nærare bestemt næringsareale og etableringar.

Den mest aktuelle saka i kommunen for tida er imidlertid truleg arbeidet med ny skulestruktur. Varaordførar Synnøve Handeland vil målbera Venstre sitt syn på denne saka.

Av Ola Matti Mathisen